

# SPONSOR NYTTÅRSKONSERT 11.JANUAR 2018




## Den 11. januar 2018 vil Meland Musikklag saman med Sjøforsvarets Musikkorps arrangera nyttårskonsert i Knarvik kyrkje.

Konserten har gjennom fleire år vore eit populært fast innslag, som enkelte år har fylt lokalet til siste sete.

Som tidlegare år ønskjer Meland Musikklag å visa fram unge musikarar frå distriktet. I år har vi fått med oss Cathrine Høgquist på 14 år, som songsolist.

Cathrine Høgquist elsker å synge. Ho har vore med i Alversundkoret Sing-Singaling i 1 år, gått til Kjersti Wiik i 1 1/2 år, og har delteke på fleire kyrkjekonsertar, juletreffar og skuleavslutningar, samt UKM (ungdommens kulturmonstring).



**Sjøforsvarets Musikkorps** er eit profesjonelt orkester som er godt kjend for musikkinteresserte på Vestlandet.

Dei har med seg songsolist Lydia Hoen Tjore, og årets dirigent er Bjørn Sagstad – begge kjente og kjære lokale namn.



Vi håper at dykkar firma ønskjer å vera med og støtta dette arrangementet, og kan tilby annonseplass med firmalogo ved annonseringa av konserten i lokalavisa Strilen.

Annonseringa er på ei heilside der ein-spalter logo kostar kr 500,- og to-spalter logo kr 1 000,-

De vil òg få namnet dykkar (ikkje logo) trykt på programmet.

Vi vil i næraste framtid ta kontakt og høyra om de ønskjer å bestilla annonseplass.

Med venleg helsing  
for  
Meland Musikklag

Sissel Fløysand  
95760989  
[sisselfloysand@gmail.com](mailto:sisselfloysand@gmail.com)